

Vestlandsforskning-rapport nr. 9-2019

# Digitaliseringsfylket

## Sogn og Fjordane 2018

### Tilpassa informasjon til innbyggjarane

Svein Ølnes

# Vestlandsforskning-rapport

<b>Tittel</b> Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane 2018 – Tilpassa informasjon til innbyggjarane	<b>Rapportnummer</b> 9-2019 <b>Dato</b> August 2019 <b>Gradering</b> Offentleg
<b>Prosjekttittel</b> Digitaliseringsfylket	<b>Tal sider</b> : 19 <b>Prosjektnr.</b> : 6501
<b>Forskarar</b> Svein ØInes (prosjektleder)	<b>Prosjektansvarleg</b> Ivar Petter Grøtten
<b>Oppdragsgivar</b> Vik kommune	<b>Emneord</b> Digitalisering e-signering Miside

## Samandrag

Prosjektet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane 2018» har fått midlar av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for å få alle kommunane i fylket til å ta i bruk e-signeringsløyising og førebu innføring av Miside.

Etter avslutta prosjektet har alle kommunane teke i bruk e-signering som planlagt. Prosjektet har også gjennomført informasjons- og kartleggingsarbeid for å setja kommunane i stand til å ta i bruk løyisingar for tilpassa informasjon til innbyggjarane, også kalla Miside.

## Summary

The main goal of the project «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» was to have all municipalities in Sogn og Fjordane implementing solutions for digital signing of documents from citizens and businesses, and from the municipalities' own employees also. This has been achieved. Furthermore, the project has informed and prepared the municipalities for the use of personalized information through different MyPage solutions.

ISBN: 978-82-428-0405-1

Pris:

## Forord

Vik, Førde og Hornindal kommunar har i samarbeid med Vestlandsforskning gjennomført prosjektet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane 2018». Prosjektet har vorte støtta av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine fornyingsmidlar og elles vorte finansiert av eigeninnsats frå prosjektdeltakarane. «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» er eit initiativ for å hjelpa kommunane i arbeidet med digitalisering av tenester og er eit pågåande arbeid.

Prosjektet har vore forankra i Digitaliseringsnettverket under IT-forum Sogn og Fjordane; eit nettverk oppretta med støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Takk til Geir Svendsen, Vik kommune, Marit Kleiven, Førde kommune og Tor Halvar F. Botnen, Eid kommune, for godt samarbeid i prosjektet.

Vestlandsforskning, august 2019

# Innhald

## Innhald

<b>0. Samandrag .....</b>	<b>5</b>
<b>1. Bakgrunn for «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» .....</b>	<b>6</b>
<b>2. Den digitale plattformen i kommunesektoren.....</b>	<b>8</b>
2.1 Digitaliseringsstrategi 2017-2020.....	8
2.2 FIKS-plattformen .....	9
2.3 Finansiering.....	9
2.4 KS SvarUt.....	10
2.5 Sikker digital post.....	11
<b>3. Gjennomføring.....</b>	<b>14</b>
<b>4. Resultat.....</b>	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<b>Referansar .....</b>	<b>19</b>

## 0. Samandrag

Prosjektet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane 2018 – Tilpassa informasjon til innbyggjarane» hadde to hovudmål:

1. Få alle kommunane i fylket til å ta i bruk e-signeringsløysingar
2. Førebu kommunane på innføring av innbyggjartilpassa informasjon (Miside-løysingar)

I løpet av prosjektet hadde alle kommunane teke i bruk e-signeringsløysingar og var klare til å ta i mot digitalt signerte brev frå innbyggjarane og tilsette i kommunen. Løysingane er særleg viktige i arbeidet med samanslåing av kommunar og det nye arbeidsgjevar-forholdet det medfører.

I tillegg har det vore arbeida med informasjon til kommunane om aktuelle løysingar for innbyggjar-tilpassa informasjon, også kalla Miside-løysingar. I tillegg til individuelle oppfølgingar og kartlegging har det vore halde informasjonsmøte med presentasjon av aktuelle løysingar.

# 1. Bakgrunn for «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane»

Idéen om eit digitaliseringsløft for kommunane i fylket vart lansert av Difi på eit seminar arrangert av IT-forum Sogn og Fjordane like før jul i 2015 der IT-forum vart utfordra på å ta tak i problemstillingar kring digital meldingsutveksling i samarbeid med Difi. Difi har ei nasjonal oppgåve med koordinering og tilrettelegging for meir effektiv meldingsutveksling i offentleg sektor og har utvikla løysingar for dette.

Idéen vart følgt opp og planleggingsarbeidet i første omgang støtta av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2016. Eit resultat av arbeidet vart ein søknad til Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vest) om støtte til ei undersøking av status i kommunane på området digital meldingsutveksling. Søknaden vart støtta og resultatet av kartlegginga er dokumentert i rapporten VF-rapport 2-2017, «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane, forprosjektrapport» (Ølnes, 2017).

Det vart også søkt om støtte frå RFF Vest til ei vidareføring i form av eit hovudprosjekt, men søknaden fekk ikkje støtte. Det vart då søkt om midlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for å starta opp delar av initiativet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane». Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane er eit ambisiøst forsøk på å løfta digitaliseringa i kommunane på følgjande område:

- Arkiv til arkiv-utveksling av informasjon (elektronisk dokumentutveksling – EDU)
- Avlevering av arkivinformatjon til depot
- Bruk av sikker digital post<sup>1</sup> og e-signering
- Løysingar for innsyn i offentleg postjournal
- Innføring av Miside-løysing i kommunane

Arkiv-til-arkiv-utveksling mellom offentlege etatar har delvis vorte løyst gjennom innføringa av *SvarUt* og *SvarInn*. Kommunar som har teke i bruk desse løysingane, vil få inngåande post automatisk registrert i arkivsystemet og slik unngå å måtte registrera data på nytt.

## Mål for prosjektet

Dette prosjektet, som er ein del av den heilskaplege satsinga «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane», hadde desse måla:

- Få alle kommunane til å ta i bruk e-signeringsløysingar
- Førebu kommunane på individuell tilrettelegging av informasjon til innbyggjarane gjennom innføring av Miside-løysingar

Digital agenda for Norge (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2016) slår fast at eit betre samarbeid mellom stat og kommunar er sentralt for å lykkast med digitaliseringsarbeidet i offentleg sektor, og at ein i digitaliseringsarbeidet må tenkja **ein samla offentleg sektor** og ikkje sektorvis. Digitaliseringsrundskrivet (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2016) følgjer opp dette

---

<sup>1</sup> Det som tidlegare vart kalla «Sikker digital post» blir no kalla «digital post» av Difi..

med konkrete utfordringar til statleg sektor for det nærmaste året, og pålegg statlege etatar meir samarbeid med kommunane i digitaliseringsprosjekt. Kommunane heng etter i digitaliseringsarbeidet, og særleg gjeld det dei mindre kommunane (Riksrevisjonen, 2016). Men når det gjeld individuell tilrettelegging av

Utfordringa frå Difi til IT-forum Sogn og Fjordane i 2015 og det vidare samarbeidet i regi av **Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane** følgjer opp den strategien som Digital Agenda for Norge trekkjer opp.

Vik kommune har vore prosjekteigar og Førde og Eid har i tillegg vore med i prosjektgruppa som har hatt slik samansetjing:

Geir Svendsen, Vik kommune  
Marit Kleiven, Førde kommune  
Tor Halvar F. Botnen, Eid kommune  
Svein Ølnes, Vestlandsforskning (prosjektleder)

Dei tre kommunane har hatt ansvar for kommunane i kvar sin region (Vik -> Sogn, Førde -> Sunnfjord og Eid -> Nordfjord).

## 2. Den digitale plattformen i kommunesektoren

### 2.1 Digitaliseringsstrategi 2017-2020


KS sin digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar i perioden 2017 – 2020 har følgjande visjon:

«Gode og tilgjengelege digitale tenester styrkjer dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gir gode lokalsamfunn»<sup>2</sup>

Strategien kviler på følgjande pilarar:

- Brukaren i sentrum
- Digitalisering som drivar for innovasjon og auka produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering av offentleg sektor
- Informasjonstryggleik, personvern og dokumentforvaltning

Digitaliseringsarbeidet er organisert etter følgjande modell:



Figur 1: KS sin styringsmodell for digitalisering<sup>3</sup>

<sup>2</sup> <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/digitaliseringsstrategien/>

<sup>3</sup>

<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/digitaliseringsstrategien/styringsmodell/styringsmodell-for-samordning-av-digitaliseringsarbeidet-i-kommunal-sektor/>




KS er prosjekteigar og ansvarleg for oppfølging, koordinering og gjennomføring av utviklingsprosjekt som blir prioriterte av KommIT-rådet. Digitaliseringsutvalet skal førebu saker til KommIT-rådet og løfta fram relevante tema. KommIT-rådet er sett saman av kommunaldirektørar og rådmenn. Kommualdirektør i Oslo, Arild Sundberg, er leiar for KommIT-rådet.

Dei tre områda Helse, Utdanning og Plan og geodata er prioriterte i noverande periode.

## 2.2 FIKS-plattformar

KS har kalla plattformar for digital samhandling for FIKS. Det er eit samleomgrep for arkitektur-prinsipp, konkrete løysingar og applikasjonar, læringsressursar med meir. Denne blandinga er litt uheldig sidan det blir uklart kva FIKS-plattformar faktisk inneber arkitekturmessig og som plattform for felleskomponentar. Det blir fort eit spørsmål om det er felleskomponentane som er plattformar, eller om dei byggjer på ei felles plattform.



Figur 2: FIKS-plattformar pr. hausten 2017

Dei ferdige løysingane i FIKS-plattformar ved prosjektoppstart var Meldingsformidlar (bru mellom kommunal og statleg meldingsutveksling), Registeroppslag (oppslag i sentrale offentlege register), KS Læring (etterutdanningsressursar) og KS SvarUt. Det er den siste løysinga som har vore sentral i dette prosjektet.

## 2.3 Finansiering

Finansiering av digitale fellesløysingar i kommunesektoren blir ordna gjennom den såkalla DigiFin-ordninga. Det er eit spleiselag mellom staten og kommunane etter denne fordelinga:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD): kr 125 mill. (over to år)
- KS: kr 40 mill.


- Kommunar og fylkeskommunar: kr 85 mill.

Målet er at kommunesektoren skal yta like mykje som staten slik at samla storleik på fondet blir 250 mill. kr. Satsane for kommunesektoren er kr 20,- pr. innbyggjar for kommunane, og kr 5,- pr. innbyggjar for fylkeskommunane. For å nå 250 mill. kroner er det ein føresetnad at alle kommunane og fylkeskommunane deltek. Så langt manglar det ein del på at alle har betalt.

Fondet på 250 mill. kr skal vedlikehaldast slik at det ikkje gradvis blir tappa. Det er kommunar, fylkeskommunar og KS som kan motta støtte frå fondet til ulike digitaliseringsløysingar som har interesse for heile kommunesektoren. KomMIT-rådet avgjer kva fellesprosjekt som skal få støtte.

## 2.4 KS SvarUt

KS SvarUt gjer det muleg å senda eit svarbrev digitalt frå arkivløysinga i kommunen. Avsendaren treng ikkje uroa seg for korleis mottakaren skal få tak i brevet; det tek SvarUt seg av. I dette prosjektet har eitt av delmåla vore å få alle kommunane i fylket til å ta i bruk SvarUt. Statuskartlegginga i 2017 viste at heile 80 % av kommunane ikkje hadde teke i bruk SvarUt.



Figur 3: KS sitt system for elektronisk meldingsutveksling til og frå arkiv, basert på SvarUt (KS, 2016)

KS SvarUt er såleis ein meldingsformidlar som har som oppgåve å ruta digitale meldingar til rett kanal. Kanalen kan vera digital eller fysisk. Ein kompliserande faktor i dette biletet er at dei ulike fagsystema i kommunen må ha støtte for SvarUt for å få full effekt. Utan slik støtte er det berre sak- og arkivsystemet som kan brukast til å senda ut meldingar via SvarUt, gitt at sak- og arkivsystemet har støtte. I eksempelet frå Førde kommune med utsending av eigedomsskatt (sjå kap. 4) ligg det til grunn at programmet for handtering av eigedommar m.m. må ha støtte for SvarUt.

Figur 2 viser at ei melding kan gå til eit anna fagsystem eller sak- og arkivsystem, det går då inn i SvarInn som er inn-delen av SvarUt-løysinga. Vidare kan meldinga gå til sikker digital post (SDP) om det er ein innbyggjar som er mottakar. Vilåret er då at vedkommande har ein sikker digital postkasse; enten DigiPost eller eBoks, og kan motta brev digitalt. Alternativt kan brevet gå til postkasse i Altinn; både for innbyggjarar og næringsliv. Dersom ingen av dei førnemnde alternativa er aktuelle, går brevet til utskrift og distribusjon gjennom den ordinære posttenesta.

BEST-løysinga, som er ein del av figuren over, er ei løysing utvikla av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for over 10 år sidan (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2007). Løysinga skulle effektivisera utveksling av arkivmateriale mellom offentlege arkiv baserte på NOARK-standard. Løysinga har vore i bruk i mange kommunar i Sogn og Fjordane og nokre få andre stader. Problemet med løysinga har vore omfattande vedlikehald og ein mangel på eit sentralt koordineringspunkt. Men på mange måtar har BEST vore forløparen til både SvarUt og Difi si teneste for meldingsutveksling.

## 2.5 e-Signering

*Elektronisk signatur*, eller *digital signatur* som er meir brukt som omgrep i dag, er ein teknologisk måte å produsera ein signatur som er likestilt med ein vanleg signatur (handskrift). Dette er slått fast i Lov om elektronisk signatur<sup>4</sup> frå 2001. Lova legg til rette for produksjon av ein sikker elektronisk signatur ved å fastsetja krav til kvalifiserte sertifikat (dokumentasjon på at du er den du er, enten som person eller organisasjon), til dei som sender ein digital signatur.

### Offentleg nøkkel-kryptografi

Elektronisk signatur, eller digital signatur som det helst blir kalla i dag, byggjer på teknologien offentlig nøkkel-kryptering. Teknologien vart oppfunnen av forskarane Diffie og Hellman på 1970-talet (Diffie & Hellman, 1976) og har fått enorm betydning for seinare IT-utvikling. Så og seia all tyggleik på nettet baserer seg på variantar av denne grunnteknologien. Enkelt forklart har ein brukar to nøklar (to matematisk relaterte tal), ein privat og ein offentlig. Meldingar kryptert med den private nøkkelen kan dekrypterast med den offentlege. Den private nøkkelen må alltid haldast hemmeleg medan den offentlege nøkkelen er, som namnet seier, open for alle. På den måten kan ein vera sikker på at den einaste som kan ha kryptert ei melding som let seg opna (dekryptera) av ein offentlig nøkkel, er eigaren av den korresponderande private nøkkelen. Digitale signaturar er ei utviding av offentlig nøkkel-teknologien og vart først demonstrert av Rivest & co. (Rivest, Shamir, & Adleman, 1978).

---

<sup>4</sup> Lov om elektronisk signatur: <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2001-06-15-81>

## Digitale signaturar i offentlig kommunikasjon

Det er forvaltningslova<sup>5</sup> som regulerer kommunikasjonen mellom det offentlege, forvaltninga, og den enkelte innbyggjaren eller bedrifta. Forvaltningslova legg også rammene for eforvaltningsforskrifta<sup>6</sup> som regulerer korleis den elektroniske kommunikasjonen mellom forvaltning og innbyggjarar (og bedrifter) skal skje. I 2012 vedtok regjeringa at digital kommunikasjon skal vera den føretrekte kanalen for skriftleg kommunikasjon mellom forvaltninga på den eine sida og innbyggjarar og næringsliv på den andre (Riisnæs, 2015). Stortinget følgde opp med ei endring av forvaltningslova i 2013 for å leggja til rette for dette (op. cit.). Endringa medførte ein omsnudd praksis der den som vil reservera seg mot digital kommunikasjon, må aktivt gi melding om det. Det nye kontakt- og reservasjonsregisteret<sup>7</sup> administrert av Difi har oversikt over reservasjonar og har mobilnummer og epost til alle innbyggjarane. Næringslivet kan ikkje reservera seg, der er digital kommunikasjon gjennom Altinn-portalen obligatorisk.

På EU-nivå er det eIDAS-reguleringa<sup>8</sup> (Electronic Identification, Authentication and Trust Services) som gjeld. Den kom i 2014 og regulerer digitale signaturar, digital forsegling, tidsstempeling, registrert elektronisk levering og autentisering via nettsider. Målet er at denne typen tenester skal fungera saumlaust i alle EU- og EØS-landa. eIDAS-reguleringa er teken inn i norsk lov frå juni 2018.

## 2.6 Innbyggjartilpassa nettsider (Miside-løysingar)

Innbyggjartilpassa nettsider gjennom såkalla Miside-løysingar har eksistert lenge, både internasjonalt og her i landet. Det første offentlege initiativet kom frå Bondevik II-regjeringa i 2004 då dåverande moderniseringsminister Morten A. Meyer (H) utfordra Norge.no til å utarbeida eit forslag til ei Miside-løysing knytt til Norge.no-portalen. Norge.no leverte ei skisse til Moderniseringsdepartementet som så tok over utviklingsarbeidet. Først i desember 2006 vart Miside lansert for innbyggjarane, med Heidi Grande Røys (SV) som moderniseringsminister. Innlogging var det store smertepunktet den gangen, og arbeidet med ein innloggingsportal stranda. Det tok bort mykje av grunnlaget for løysinga. Men Miside-løysinga fekk vist viktige sider ved eit slikt arbeid, ikkje minst korleis betre innsyn i offentlege register er viktig for kvaliteten i desse. Ingen kjenner data betre enn dei det gjeld, og mange såg mangelfulle eller feilaktige opplysningar, særleg under eigedommar. Erfaringane frå den første Miside-satsinga er elles dokumentert av Furuli og Ølnes (2009).

Kommunane viste størst interesse for integrering av Miside-løysinga frå 2006/2007 og svært mange lenka til løysinga frå heimesida si. Statlege etatar var ikkje så ivrige då mange av dei var i ferd med å utvikla si eiga Miside-løysing.

---

<sup>5</sup> Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven): <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltningslova>

<sup>6</sup> Forskrift om elektronisk kommunikasjon med og i forvaltningen (eForvaltningsforskriften): <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-25-988?q=eforvaltningsforskrift>

<sup>7</sup> <https://www.difi.no/rapporter-og-statistikk/nokkeltall-og-statistikk/digitalisering/kontakt-og-reservasjonsregisteret>

<sup>8</sup> EU Regulation 910/2014: <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/PDF/?uri=CELEX:32014R0910&from=EN>

Etter at Miside vart lagt ned som løysing av Difi i 2012, skjedde det lite før Oslo kommune lanserte si eiga Miside-løysing i 2015. Dei fekk Fyrlykt-prisen for den løysinga på NOKIOS<sup>9</sup>-konferansen i 2017 og tok i mot prisen ved å takka Difi for å ha lagt ned den statlege Miside-tenesta i 2012. Bakgrunnen for den takka, var at kommunane, og då særleg Oslo kommune, måtte ta ansvar sjølve for utvikling av ein innbyggjarretta portal. Oslo si Miside-satsing har seinare vorte fundamentet i den Miside-løysinga KS leverer til kommunane.

---

<sup>9</sup> NOKIOS: Norsk konferanse for IKT i offentleg sektor er ein av dei viktige IT-konferansane for digitalisering i offentleg sektor. NOKIOS deler ut Fyrlykt-prisen for beste offentlege digitaliserings-tiltak kvart år.

## 3. Gjennomføring og resultat

Prosjektet hadde desse måla:

- Få alle kommunane i fylket til å ta i bruk e-signeringsløyising
- Førebu kommunane på å ta i bruk innbyggjartilpassa nettsider (Miside-løyising)

### 3.1 E-signering

E-signeringsløyisingane som blir tilbydde offentlege etatar (og andre organisasjonar), byggjer på grunnprinsippa i offentleg nøkkel-kryptografi og tilhøyrande digitale signaturar, og støttar krava i e-forvaltningsforskrifta. Det finst både frittstående e-signeringsløyisingar og løyisingar integrerte med sak- og arkivsystem. For kommunane er det siste det mest interessante og den løyisinga alle i fylket vårt har skaffa.

For kommunane i samanslåingsprosessar (sjå tabell under) har det vore særleg viktig å få på plass ei e-signeringsløyising til bruk for signering av nye arbeidskontraktar. Det er mange tilsette som må signera ny arbeidskontrakt i samband med dei nye kommunane som blir etablerte frå 01.01.2020, og e-signering vil letta det arbeidet mykje. Den nye Sunnfjord kommune med Førde som hovudaktør, hadde ambisjonar om å ta i bruk e-signeringsløyisinga til dette arbeidet. Men forseinkingar i innføring og det faktum at alternativt opplegg var komme langt, gjorde at dei ikkje fekk teke i bruk løyisinga til dette føremålet.

Dei andre samanslåingsprosjekta (Kinn, Stad og Sogndal) vil derimot nytta e-signeringsløyisinga til nye arbeidskontraktar for dei tilsette. I arbeidet med etablering av Kinn kommune er dei opptekne av mest muleg automatisering av prosessen, og også å gjera avtalane tilgjengelege for dei enkelte tilsette etterpå. Det krev mellom anna tilpassingar i personalsystemet (Visma HRM). Frå prosjektmedarbeidarane blir det understreka at tilgang til eigne opplysninga er ein viktig del av GDPR-tilpassinga, i den endra personopplysningslova<sup>10</sup>.

Tabell 1: Nye kommunar etter 01.01.2020

#### Nytt kommune-namn

<b>Kinn kommune</b>	Flora	Vågsøy		
<b>Stad kommune</b>	Eid	Selje		
<b>Sunnfjord kommune</b>	Førde	Naustdal	Gaular	Jølster
<b>Sogndal kommune</b>	Sogndal	Leikanger	Balestrand	

<sup>10</sup> Lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven):  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38?q=personopplysningslov>

## 3.2 Miside-løysing

Ingen av kommunane i fylket har så langt teke i bruk ei Miside-løysing, men enkelte kommunar som Førde, som del av arbeidet med Sunnfjord kommune, har komme langt. Ein del av utfordringa for kommunane er å forstå kva som blir tilbydd av løysingar. KS tilbyr ei Miside-løysing gjennom den digitale satsinga (sjå kap. 2) og det har skapt litt forvirring blant kommunane. For å informera kommunane om skilnadene i dei ulike Miside-løysingane, inviterte prosjektet til ei samling i Førde i mars i år. Det var god deltaking frå kommunane med rundt 50 deltakarar, og følgjande leverandørar presenterte løysingar:


- KS
- Visma
- Norkart/KomTek
- ACOS
- Custom Publish

I tillegg presenterte IKT Hedmark erfaringar med innføring av Miside-løysingar i kommunane som deltek i dette samarbeidet (Hamar, Løten, Stange, Grue, Kongsvinger, Nord-Odal og Sør-Odal; med til saman rundt 100 000 innbyggjarar).

KS si Miside-løysing baserer seg på grunnlaget i Oslo si løysing. Dette er hovudpunkta i løysinga:

- Samlar data om ein enkelt person frå alle relevante kommunar (du kan t.d. få informasjon frå kommunen du har hytte i, i tillegg til bustadskommunen)
- Lenker til eksterne tenester som t.d. utsett fakturabetaling, feil på bustadareal, renovasjonsdetaljar (t.d. større/mindre bossdunkar)
- Lenker til nasjonale tenester som [seeiendom.no](http://seeiendom.no), [norgeskart.no](http://norgeskart.no) m.m.
- Kommande tenester: Min eigedom, Mine byggesaker, Mine fakturaer, Mine skjema

KS inviterer alle leverandørar til å eksportera data til løysinga og på den måten utvida omfanget av data for den enkelte innbyggjaren.



Figur 4: Strukturen i KS Miside-løysinga

Der KS MiSide lever uavhengig av nettsideløysinga (CMS – Content Management System), er tilsvarande løysingar frå andre leverandørar typisk meir integrerte med CMS og andre system. I ACOS sin presentasjon vart det lagt vekt på at dagens Miside-løysing (frå ACOS) ikkje er den optimale og at leverandøren arbeider for ei betre integrering av løysinga. Neste generasjons Miside-løysing bør vera fullintegrert med nettsidene slik at det ikkje framstår som eit tillegg for seg sjølv, men saumlaust integrert slik at om du er innlogga, vil du få opp personleg informasjon der det er naturleg. Dei andre leverandørane verka å tenkja i same retning.

Tabellen under viser kva leverandør kommunane har valt for sak- og arkivsystem og for nettsideløysing (CMS):

**Tabell 2: Leverandør av sak- og arkivsystem og nettsideløysing**

Kommune	Sak- og arkiv	Nettsider
Askvoll	ACOS	ACOS
Aurland	ACOS	CustomPublish
Balestrand	ESA	CustomPublish
Bremanger	ACOS	ACOS
Eid	ACOS	ACOS
Fjaler	ACOS	ACOS
Flora	ACOS	CustomPublish
Førde	ACOS	ACOS
Gaular	ACOS	ACOS
Gloppen	ACOS	ACOS
Gulen	ACOS	CustomPublish
Hornindal	ACOS	ACOS
Hyllestad	ACOS	ACOS
Høyanger	ACOS	ACOS
Jølster	ACOS	ACOS
Leikanger	ESA	CustomPublish
Luster	ESA	CustomPublish



<b>Lærdal</b>	ACOS	CustomPublish
<b>Naustdal</b>	ACOS	ACOS
<b>Selje</b>	ACOS	ACOS
<b>Sogndal</b>	ESA	CustomPublish
<b>Solund</b>	ACOS	ACOS
<b>Stryn</b>	ACOS	ACOS
<b>Vik</b>	ACOS	CustomPublish
<b>Vågsøy</b>	ACOS	ACOS
<b>Årdal</b>	ACOS	CustomPublish

## 4. Vidare arbeid i «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane»

Initiativet «Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane» blir vidareført i eit nytt prosjekt med fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Vestland. Det nye prosjektet, «Digitaliseringsfylket 2019», skal hjelpe kommunane i gang med innbyggjarretta løysingar i form av Miside. Prosjektet har desse hovuddelane:

- Kartlegging av status og behov
- Rådgiving og hjelp til kommunar utan eigne planar
- Innføring av Miside-løysingar i dei kommunane som er interesserte
- Evaluering av prosess og løysingar

Det nye prosjektet startar i august 2019 og skal vera ferdig ved utgangen av juni 2020.

## Referansar

- Diffie, W., & Hellman, M. E. (1976). New directions in cryptography. *Information Theory, IEEE Transactions On*, 22(6), 644–654.
- Furuli, K., & Ølnes, S. (2009). Finding the Right Services for a Citizen Portal Lessons Learned from the Norwegian Mypage Portal. In M. A. Wimmer, H. J. Scholl, M. Janssen, & R. Traunmüller (Eds.), *Electronic Government: 8th International Conference (EGOV 2009)* (pp. 282–292). Berlin: Springer Verlag.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (2007). *Elektronisk samhandling og meldingsutveksling mellom Noark-system*. Leikanger: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2016). *Meld. St. 27 (2015-2016): Digital agenda for Norge - IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet* [Meld. St.]. Retrieved from KMD website: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). (2016, November 25). *Digitaliseringsrundskrivet 2016*. Retrieved from [https://www.regjeringen.no/contentassets/5c0d4d3fe4f14286aabd818afe618ffc/digitaliseringsrundskrivet\\_2016.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/5c0d4d3fe4f14286aabd818afe618ffc/digitaliseringsrundskrivet_2016.pdf)
- KS. (2016, August 29). Dette er mottaksservicen SvarInn [Offentleg nettstad]. Retrieved March 10, 2017, from KS Digitalisering website: <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/svarut/dette-er-mottaksservicen-svarinn/>
- Ølnes, S. (2017). *Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane - Forprosjektrapport* (VF-rapport No. VF-rapport 2-2017). Retrieved from Vestlandsforskning website: [http://www.vestforsk.no/filearchive/filetopic\\_vf-rapport-2-2017-digitaliseringsfylket-sogn-og-fjordane-forprosjektrapport.pdf](http://www.vestforsk.no/filearchive/filetopic_vf-rapport-2-2017-digitaliseringsfylket-sogn-og-fjordane-forprosjektrapport.pdf)
- Riisnæs, R. (2015). *Elektronisk samhandling med og i forvaltningen – eForvaltningsforskriften*. Retrieved from Wikborg, Rein & Co. Advokatfirma DA website: [https://www.regjeringen.no/contentassets/be9697d7e68041e29ffca576c331b4b0/efvf\\_del1.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/be9697d7e68041e29ffca576c331b4b0/efvf_del1.pdf)
- Riksrevisjonen. (2016). *Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering av kommunale tjenester* (No. Dokument 3:6 (2015-2016)). Oslo: Riksrevisjonen.
- Rivest, R. L., Shamir, A., & Adleman, L. (1978). A method for obtaining digital signatures and public-key cryptosystems. *Communications of the ACM*, 21(2), 120–126.